



Byggmester Knut Henanger AS  
Mjåtveitstø 33A  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/2165 - 17/19251

Saksbehandlar:  
Merethe Tvedt  
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:  
06.10.2017

## Godkjenning- Løyve til opparbeiding/planering av byggegrop, leikeområde og oppføring av gråsteinsmur og uteområde, GBNR 10/45

**Administrativt vedtak. Saknr: 268/2017**

**Tiltakshavar:** Kvalitetshjem AS  
**Ansvarleg søkjar:** Byggmester Knut Henanger AS  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

### SAKSUTGREIING:

#### Saka gjeld:

Byggmester Knut Henanger AS har på vegne av tiltakshavar Kvalitetshjem AS søkt om sprenging og planering av byggegrop på deler av uteområde og leikeområde, samt opparbeiding av gråsteinsmur på gbnr 10/45. Tiltaka vil i ettertid bli supplert med ein byggjesøknad på tomta.

Den omsøkte eigedomen er matrikkelført med eit areal på 1567 m<sup>2</sup>, og regulert til konsentrert småhusbusetnad (BKS\_7) og leikeområde f\_BLK\_5.

Muren er søkt oppført i eigedomsgrensa mellom gbnr 10/45 og 10/56. Det føreligg samtykke frå eigar av gbnr 10/56 om løyve til oppføring av mur nærare felles grense enn 4 meter.

Det vert vist til søknad med vedlegg journalført motteke 14.9.2017 6.10.2017.

### VURDERING:

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

#### Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla utan merknader. Administrasjonen vurderer nabovarslinga som tilstrekkeleg, jf. pbl § 21-3 første og andre ledd.

#### Lov- og plangrunnlag:

Den omsøkte eigedomen er regulert til konsentrert småhusbusetnad (BKS\_7) og leikeområde f\_BLK\_5 i Reguleringsplanen for *Detaljregulering for Øvre Holsbergstien (arealplanid: 125620140001)*. Omsøkt tiltak er grunnarbeid på tomten som legg vidare til rette for framtidig utbygging av eigedomen. Tiltaket er i samsvar med reguleringsplanen.

Det følgjer av Plan- og bygningslova § 29-4 første ledd at kommunen skal godkjenne byggets plassering. Tilsvarande gjeld for konstruksjonar så langt det passar, jf § 30-4 første ledd, medrekna murar som kan hindre blant anna lys og luft.

På bakgrunn av erklæring frå eigar av gbnr 10/56, kan kommunen godkjenne omsøkt plassering med heimel i Pbl § 29-4 tredje ledd bokstav a.

#### Ansvarsrettar:

Ansvarsrettar og tiltaksklassifisering i saka går fram av erklæringar om ansvarsrett og gjennomføringsplan, datert 31.8.2017. Ansvarleg i byggesaker står inne for at tiltaket er utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av denne lova, jf. pbl § 23-1.

#### VEDTAK:

«Meland kommune gjev i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 20-1 løyve til sprenging og planering av byggegrop på deler av uteområde og leikeområde på gbnr 10/45, samt opparbeiding av gråsteinsmur jf. søknad journalført motteke 14.9.2017.

Dei opplysningane om byggjetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf. matrikkellova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at løyvet er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i meir enn to år, jf. pbl. § 21-9. Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, med mindre noko anna går fram av vurderinga over eller gjennom tidlegare godkjenning».

\*\*\*\*\*

Saka er handsama og avgjort administrativt og i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt  
byggjesakskonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Kart og teikningar

Opplysningar om tiltakets ytre rammer

Søknad om løyve til tiltak GBNR 10/45 - opparbeiding/planering av byggegrop, leikeområde og oppføring av gråsteinsmur og uteområde.

**Mottakere:**

Byggmester Knut Henanger AS

Mjåtveitstø 33A 5918

FREKHAUG